



Aleksander Rebaudo fekk solsikkepris

**Tre ungdommar i Kvinnherad har etter søknad fått til saman 17.500 kroner frå Ungdommens kommunestyre sin Solsikkepris
Ein av dei er 17 år gamle Aleksander Rebaudo frå Uskedalen**

UKK deler ut slike prisar to gonger i året, med målsetjing om å ha fokus på ungdom, verdiskaping ogkulturell kunstnarisk utfalding. Meininga er òg at prisen skal fremja nyskaping, kreativitet og eit meir ope og inkluderande samfunn.

Ungdommens kommunestyre har totalt 50.000 kroner årleg til disposisjon for Solsikkeprisen. No i haust kom det inn fem søknader, og tre av desse fekk frå 5000 til 7500 kroner i støtte til ulike tiltak.

Andreas Bjørsvik (15 år) frå Valen driv med gitar, og kan visa til store prestasjonar innan faget sitt. Han har blant anna delteke i både fylkes- og landsmønstringa til UKM. No har han fått 5000 kroner til å investera i studioutstyr.

Aleksander Rebaudo frå Uskedalen har starta filmgruppa 'Redforest Production' , som driv med filmproduksjon. Aleksander har m.a. delteke på filmfestivalen 'UNG film' og har fått 7500 kroner for å investera i utstyr til filmproduksjon.

Prosjektet hans involverer mange ungdommar, og UKK valde difor å gje ei tilleggsløyving på 4500 frå stønad til ungdomstiltak.

Hanne Remme (15 år) frå Husnes driv med foto. Ho jobbar mykje med dette på fritida og har delteke som fotojournalist på fleire nyhendesaker på husnesnett.no. Hanne har fått 5000 kroner til fotoutstyr.

Forutan ' Solsikkeprisen' har UKK denne gongen løyvt vel 26.000 kroner til tre ungdomstiltak:

Rosendal innebandyklubb:
Organiserer innbandy i Rosendal. Kr 3000 til kjøp av utstyr.

Kvinnherad skateklubb:
Jobbar med å få byggja opp skaterampe i Husnesområdet. Kr 10.000 til dette prosjektet.

AIWheels:
Gruppe med arabiske ungdommar, som driv med musikk og dans. Ynskjer å integrera norsk ungdom i gruppa si. Kr. 13.375 til kjøp av utstyr.

Av Kristian Hus
HusnesNett